

Leiar Sp-landsmøte

Song for heile Norge

Sp-landsmøtet har finpusa ein profil som ligg trygt mellom Ap og KrF. Tillitsreform skal føra rett inn i regjeringskvartala.

Det er eit parti struttande av sjølvtilitt som har feira seg sjølv med tidenes største landsmøte på Lerkendal denne helga. Sp-leiar Trygve Slagsvold Vedum er ikkje snauare enn at han utropar Senterpartiet til meir enn eit parti, det er ei folkerørsle som vinn val.

Like interessant som debattane i landsmøtesalen var eit VG-innlegg frå KrF-leiar Knut Arild Hareide, der han går i rette med statsminister Erna Solberg for å kalla Senterpartiet populistisk og ikkje sjå nærare på eigen regjeringspartner Frp i så måte.

Det er vanskeleg å lesa innlegget som anna enn at KrF skapar handlingsrom for seg sjølv til hausten. På nokre meiningsmålingar har Ap og Senterpartiet rett nok fleirtal aleine. Men mest sannsynleg vil Ap-leiar Jonas Gahr Støre trenge støtte av eit parti til for å bli statsminister til

Å vera mot sentralisering er ikkje framandfiendtleg.

hausten. KrF kan fort vera svaret. Sp-leiar Trygve Slagsvold Vedum kan leva godt med populiststempelet, han er jo van med å verta kalla både bakstrevar og reaksjonær og det som verre er. I 2017 har sentrum-periferi igjen vorte den kanskje viktigaste skiljelinja i norsk politikk.

No kan nok kritikarane ha eit poeng i at Senterpartiet har den strengaste innvandringspolitikken av alle. Men retorisk sett er det stor forskjell frå Sylvi Listhaug til Sp-nestleiar Ola Borten Moe. Hareide har rett i at det folkelege engasjementet som Senterpartiet kjempar for er noko anna enn kva Frp argumenterer for. Å vera mot sentralisering er ikkje å vera framandfiendtleg.

Den store saka i Senterpartiets nye partiprogram er ei såkalla tillitsreform. Dermed har glade Sp-politikarar effektivt teke luven frå dei som hevdar at partiet er grunnleggande imot alle reformer.

Debatten om såkalla velferdsprofitørar peikar tilbake på SV-landsmøtet sist helg og viser fram at avstanden mellom Sp og SV berre er vorten større sidan valnederlaget hausten 2013. Helsepolitisk talskvinne Kjersti Toppe og venstrefløya i partiet fekk ikkje gjennom framlegget sitt om å stogga dei såkalla velferdsprofitørane, slik SV-landsmøtet nedfelte som ultimatum. Partileiinga fekk utsett debatten til etter haustens val.

Sist helg gjekk SV eit steg til venstre. Denne helga har Senterpartiet rykka eit hakk nærare Ap og til dels KrF.

Gjestekommentar

Naturen ventar ikkje

Paris-avtalen er taparen når politikarane bøyer av for populismen.



Klaus Mohn
Professor, Handels- og NHH

Stundom blir eg kontakta av verda utanfor akademia for å gje presentasjonar knytt til det eg steller med på jobben. Pågangen er stor når det gjeld utsiktene for olje- og gassnæringa. I tillegg kjem oppdrag knytt til innovasjon, endring og omstilling. Og ikkje minst merker eg at interessa for klimautfordringa er på veg oppover, med stadig fleire som spør seg: «Kvifor og korleis skal ein ta omsyn til det grønne skiftet?»

Vanskelege spørsmål

Den første delen av spørsmålet er enkel. Andre delen er vesentleg verre. For Noreg er nemleg den slitsame sanninga at kjelda til klimaendringane langt på veg er den same som kjelda til rikdommen. Og me vrir oss kanskje litt, alle saman. I alle fall dei av oss som likar å tru at me tek klimautfordringa på alvor.

Korleis skal ein lykkast i å halde ved lag denne uhyre lønsame utvinningsaktiviteten utan samstundes å kompromittere omdømet som eit føregangslan inn-an miljøvern og bærekraft? Og korleis kan ein balansere omsynet til dei enorme ressursverdiane her og no mot uvisse skadeverknadar og ulemper som er langt borte og langt framme i tid?

Svaret på dilemma og interessekonflikt vil ofte vere forhandlingar og kompromiss. Men klimaet inngår ingen kompromiss.

Langt frå Paris til Utopia

Klimatoppmøtet i Paris blei feira som ein stor diplomatisk siger, med ambisjonar om å bremse den globale oppvarminga til maksimalt 2 grader, og aller helst skal ikkje oppvarminga overstige 1,5 grader. Men enno har me knappast kome lenger enn til planlegginga av dietten for ein endelaus slankekur. Paris-møtet etterlot eit rammeverk og gode intensjonar, men reiskap for sanksjonering og kontroll med den faktiske utviklinga i etterkant er det fortsatt lite av.

Erfaringane så langt er blanda. På den positive sida har Kina markert seg som tilhengar av global koordinering av klimapolitikken. I tillegg ser ein at utsleppa av drivhusgassar faktisk har stagnert dei aller siste åra, trass i at den økonomiske veksten held fram. Samstundes er dette langt mindre enn det som skal



PITTER

KrF ber om porno-råd, melder NTB. Hvor er Porno-Hagen når vi trenger ham?

Avisen Stavanger Aftenblad skal ha en liberal grunnholdning med vekt på uavhengighet av politiske partier, grupper og særinteresser.

Fra Stavanger Aftenblads vedtektsfestede formål

MENINGER

til, og spesielt når Trump er i ferd med å sette USA sitt engasjement i klimapolitikken mange år tilbake.

I sum er utsiktene likevel urovekkende, og langt unna måla og ambisjonane frå toppmøtet i Paris. Om dette fekk me ei klar påminning førre veke, då det Internasjonale energibyrået (IEA) og Det internasjonale byrået for fornybar energi (IRENA) la fram ein felles rapport som kastar lys over implikasjonane av Paris-avtalen for energipolitikken i åra som kjem. Resepten er klar. Spørsmålet er om me er klare for medisinen.

Hard lut på resepten

Måla frå Paris vil føresette ei omlegging av det globale energisystemet som saknar sidestykke i moderne tid. Verda må i så fall stoppe energivæksten. Utsleppa av klimagassar må ned til ein tredjedel av dagens nivå innan 2050. Behovet for olje må strupast og etterspurnaden etter gass må dempast. For å få dette til, så må kostnaden ved CO₂-utslepp opp i 1500 kroner per tonn, medan den europeiske kvotemarknaden i dag prisar slike utslepp til under 50 kroner tonnet.

Klimapolitisk suksess i tråd med Paris-avtalen vil krevje ein reduksjon av forbruket av fossile brensel med 50–70 prosent målt mot utsiktene norske politikarar stadig refererer til. Analysen frå IEA/IRENA medfører at kostnadar ved utslepp må heve prisane for bruken av fossilt brensel. Denne prisauken vil dempe etterspurnaden og redusere prisane til produsentane. Neppe ein val-vinnar her på berget.

Kva skal ein bu seg på?

Rett nok er det mange olje- og gassfelt på hell som må erstattast av nye investeringar for å møte energibehovet i verda, sjølv med vellykka klimapolitikk. Uansett er det vanskeleg å kome unna ein konklusjon om at suksess i klimapolitikken er krevjande å kombinere med fortsatt vekst og lønsemd for tradisjonell olje- og gassverksemd. Så korleis skal ein innrette po-

litikken og planlegginga? Skal ein gå for ei utvikling i tråd med Paris-avtalen, eller ei utvikling der klimapolitikken ikkje lykkast?

I næringslivet vil dei normalt legge planar i tråd med prognosar, det vil seie dei utsiktene som er mest sannsynlege. Dermed kjem påstandane om veddemål mot klimapolitikken. I politikken vil svaret på dilemma og interessekonflikt ofte være forhandlingar og kompromiss. Men klimaet inngår ingen kompromiss. Naturen ventar ikkje på nokon. Samstundes er det vanskeleg å skille politikken frå næringsinteressene i ein økonomi som den norske, med ei spesielt tett samanrøring på energiområdet.

Bukta og begge endane

Enkelt sagt er svaret på klimautfordringa at verda må brenne mindre fossile brensel. Då burde politikarane sitt ansvar være å legge til rette for ei slik utvikling. Og alle me andre vil måtte legge om åtferd og levestil. Men sjå, det vil me ikkje. Me vil heller halde fram om lag som me stemnar, med forbruksmønster, transportvaner og livsstil som knappast kan einast med måla frå Paris-avtalen. Så mykje meir kan ein dermed heller ikkje vente frå politikarane våre.

Når alt kjem til alt, så handlar politikken om veljarane sine prioriteringar. Og så langt er det lite som tyder på at klimapolitikken står øvst på agendaen, korkje hos veljarane eller hos politikarane. Fortsatt er det slik at sysselsetting slår CO₂-utslepp ned i støvlane. Vekst og velferd toppar omsynet til klimaet, sjølv med 7800 milliardar kroner på bok.

Med dei siste analysane går me dermed ein interessant valkamp i møte, der politikarane sine budskap skal balansere omsynet til næringsinteresser, vekst og velferd mot omsynet til Noreg sitt internasjonale omdømme som miljønasjon.

I mellomtida tikkar klokka for klimaet.

Twitter: @Mohnitor



«Med dei siste analysane går me ein interessant valkamp i møte», skriv økonomiprofessor Klaus Mohn. FOTO: SHUTTERSTOCK/NTB SCANPIX

Drøset

Mars

Han var sur på mars. «Du kan ikkje vera sur på ein måned. Mars har ingen intensjonar,» argumenterte ei stemme i hovudet hans. «Det stemmer. Men eg er sur på mars likevel,» svarte ei anna stemme, sannsynlegvis hans sanne, indre, urimelege stemme.

Det same skjedde kvart år: Etter sommaren kom hausten. Han likte hausten. Kunne faktisk setja pris på at det blei kaldare, på fargane, på at blada på trea til slutt gav opp og slapp taket, på at han på klare morgonar kunne sjå sin eigen pust.

Han aksepterte vinteren også. At det blei mørkt og kaldt. Han kunne nesten strekka seg så langt som å seia at det kunne vera litt **koseleg** - eit ord han elles skydde - å trekkja inn i varme hus og stover, tenna lune lys, fyra i omnen, vera inne.

Han kunne leva med november, med alt sitt mørke, alle sine stormar, all sin nedbør. November låg der som ein buffer mellom hausten og desember. Det ville blitt for mykje å gå rett frå mild haust til advent.

Men ved utgangen av februar var det nok. Hausten og vinteren, mørket og kulda, var tilbakelagde stadium. Ikkje bare på kalenderen, men også mentalt. Nå skulle det bli vår. Og første vårmånad? Mars.

Men kva skjedde? Jau, mars kom, rett nok med lysare dagar. Men kva skjedde med temperaturen, med nedbøren, med våren? Absolutt ingenting. Eller, forresten: Det som skjedde, kvart bidige år, var at veret bare blei verre. Aldri var det surare dagar enn i mars. Aldri låg sluddet tettare, skyene mørkare og lågare, over byen. Aldri bles vinden surare. Aldri var ein dag som sett innifrå kunne verka fin, styggare når han kom ut. Aldri fraus han meir. Aldri skutta han seg mot verda som i mars. Mars lova vår, men heldt ingenting.

Mars var månadenes luremus.

Og mens februar hadde vett til å avslutta etter 28 dagar, varte og varte mars, år ut og år inn, i 31 uendelege dagar.

No var det nok. Han valde seg april.

Mars var månadenes luremus.

Pressens faglige utvalg (PFU) er et klageorgan oppnevnt av Norsk presseforbund. Organet, som har medlemmer fra presseorganisasjonene og fra allmenheten, behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål (trykt presse, radio og fjernsyn).

Aftenbladet betinger seg retten til å publisere i alle Aftenbladets mediekkanaler, herunder å legge stoffet inn i et elektronisk arkiv eller andre databaser som avisen samarbeider med. Unntak fra dette må avtales skriftlig. Publiseringvilkårene gjelder for såvel honorert som ikke honorert stoff.

MER DEBATT
SIDE 28-29

Tanketomme tanker om doping
Einar O. Landa, Stavanger
Ein lærars skulekvardag
Roald Mjølvsnes, Finnøy